

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato: 10.11.2016
Vår ref.: 201605237-2
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Simen Sørli
22959191/sso@nve.no

132 kV kraftledning Kjønnagard–Myrkdalen. Høyring av konsesjonssøknad og invitasjon til møte

Voss Energi AS søker konsesjon i medhald av energilova for ein ny 132 kV kraftledning frå Kjønnagard til Myrkdalen. Voss Energi grunnjev søknaden med at det i Myrkdalen er skisenter og Voss fjellandsby som er i vekst, og det er naudsynt å oppretthalde ein stabil og trygg straumforsyning. Kraftledningen som planleggast er om lag 11–12 km lang, avhengig av alternativ, frå Kjønnagard til Myrkdalen. I Vinjedalen er det søkt om to alternative trasear som i hovudsak går på kvar sin side av Vinjedalselvi og E16. Frå Tryningahaugen og frem til Øyestølane/Helgeland er det også søkt om to alternative trasear, enten ein trase mellom tregrensa på Svolefjellet og riksveg 13 eller lenger opp mot Svolefjellet og delvis over tregrensa.

Voss Energi AS søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsle/transport. Samstundes søker Voss Energi AS om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

NVE vil, som tidligare avtalt, halde orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter i Voss rådhus, Uttrågata 9, 5700 Voss, onsdag 30.11.2016 kl. 14.30. Vi håpar på brei deltaking både frå politisk leiing og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. **Representantar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen er med dette invitert til dette møtet.** NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Voss Energi AS vil vere representert og orientere om planane.

NVE held òg offentleg møte onsdag 30.11.2016 kl. 19.00 på Myrkdalen hotel, 5713 Vossestrand.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/kraftledninger.

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner må sendast til NVE **innan 21.12.2016**.

Informasjon til kommunen:

Voss Energi vil sende to eksemplar av søknaden til Voss kommune. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kommunen til offentlig ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, utlegging til offentlig ettersyn og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Vedlagt følgjer òg fem oppslag om det offentlege møtet, og vi ber om at kommunen heng opp desse på servicetorg, bibliotek, nærbutikk og liknande. Vi ber vidare kommunen leggje søknaden ut og informasjon om det offentlege møtet på sine nettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Simen Sørli
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Liste over høyrings- og orienteringsinstansar
 Til kommunen: fem plakatar

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Voss kommune

Kopi til:

Voss Energi AS

132 kV Kjønnagard-Myrkdalen

Liste over høringsinstanser

Voss kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland fylkeskommune

Avinor AS

BKK Nett AS

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Luftfartstilsynet

Miljødirektoratet

Myrkdalen Fjellandsby AS

Natur og Ungdom

Naturvernforbundet i Hordaland

NHO Reiseliv

Norges Bondelag

Norges Jeger- og Fiskerforbund

Norsk Ornitologisk forening

Riksantikvaren

Statens vegvesen – region vest

Statnett SF